

Inviterer til ny huskonsert

30.10.2009



Skulekorps i aksjon under huskonserten i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sundag ettermiddag klokka 16 inviterer skulekorps til huskonsert i Aktivitetshuset. I tillegg til musikken syt skulemusikkforeldra for eit rikhaldig kake- og dessertbord.

Det må vera grunn til å håpa på ein like stor suksess som i fjor, då det kom over 80 på huskonserten. På ein svært rimeleg inngangsbillett vert det og trekt gevinstar.

Korpset har øvingshelg laurdag og sundag og dei skulle såleis vera godt førebudde til konserten.

Framleis er det Anders Christensen som styrer dirigentpinnen med sikker hånd.

Det er første gang skulemusikken opptrer denne sesongen. Dei bidrar med ei variert og publikumsvennleg avdeling med smakebitar både frå ABBA og Vamp sitt repertoar.

Dessuten er det grunn til å merka seg at det stadig dukkar opp nye og flinke solistar frå skulemusikken sine rekker.

Det er også nye ansikt i rekken. Fem deltar i sin første opptreden saman med korpset. Det er hornistane Ann Helen Rød og Anine Enes og kornettistane Merete Myklebust, Frida Nybakk og Martin Y. Røssland som alle byrja no i haust men som allereie har lært mykje

Truleg kan publikum også venta ei spennande musikalsk overrasking!

Av Ola Matti Mathisen